

BKK AS

Dato: 10.09.2014
Vår ref.: 2014/16270-3
Saksbehandlar: einhuns
Dykkar ref.:

Tilsegn til middel til etableringa av hurtigladestasjon på Mongstad

Vi viser til Transnova si offentleggjing av stønad til etablering av hurtigladestasjon på Mongstad frå 21.08.14. Vedlagt følgjer vedtak frå Austrheim kommune om tilsegn på kr 50 000. Vi er glade for å melde at Hordaland fylkeskommune ønskjer å løyve kr 75 000 til prosjektet jamfør budsjettet i søknaden. Det er gjort administrativt vedtak innafor budsjetttråma for infrastruktur for elbilar (tiltak 5.15 i Handlingsprogram 2014 Klimaplan for Hordaland). Føresetnad er at også Lindås kommune bidreg til prosjektet.

Tilsegna gjeld i 6 månadar.

Fylkeskommunale fristar for akseptskjema og sluttrekneskapsskjema vert rekna frå dagen ei stadfesting av full finansiering føreligg.

1. PROSJEKTGRUNNLAG

Etablering av offentleg tilgjengeleg dobbel hurtigladestasjon med ladeuttak av typane ChaDeMo og CCS, supplert med eit AC-ladepunkt. Ladestasjonen må vere registrert på www.nobil.no og plassane reserverte og merka for ladbare bilar. Driftar må ta betalt for ladinga og drifta garanterast for minst 5 år.

2. PROSJEKTORGANISERING

Planane vart utarbeida av vår konsulent Eric Wheatley (Ardeo Technology AS) og er betalt av oss og inkludert i budsjettet. Kostnadane for dette (kr 25 000) vert trekt frå summen i tilsegna.

Ansaret for gjennomføringa ligg hos BKK AS. Det er satt av vidare midlar i budsjettet til prosjektering. Nettselskapet kan overta prosjekteringa sjølv eller bruke til dømes nemnde konsulent til arbeidet. De må sjølv inngå eventuell avtale om dette.

Tabell 1 listar dei ulike hurtiglade prosjekta med stønad frå Hordaland fylkeskommune i inneverande år. Ei samkøyrd bestilling av hurtigladarar for aktørar i fylket kan utløyse rabattar opptil 20%.

Tabell 1: Hurtiglade prosjekt med stønad frå Hordaland fylkeskommune 2014

Nettselskap	Kontaktperson	Telefon	E-post	Stad og tal på hurtigladarar
Fusa Kraftlag AS	Rolf Oen	977 11 734	rolf.oen@fusa-kraftlag.no	Eikelandssosen: 1
Odda Energi AS	Jan Ove Aasen	400 33 343	joaa@oddaenergi.no	Røldal: 2
Voss Energi AS	Per Berge	916 73 014	Per.Berge@vossenergi.no	Vinje: 2
BKK AS	Odd-Olaf	900 34 423	Odd-olaf.askeland@bkk.no	Mongstad: 1

Askeland	Trengereid: 2
	Bergen: 4

3. GODKJENDE KOSTNADER OG GODKJEND FINANSIERINGSPLAN

Jamfør vedlagt budsjettet frå søknaden med nokre tilpassingar:

Godkjende kostnader

Påbeløpte prosjekteringskostnader	kr	25 000
Resterande budsjettpostar	kr	552 150
Sum	kr	577 150

Godkjend finansieringsplan

Transnova	kr	288 575
Austrheim kommune	kr	50 000
Lindås kommune (usikker)	kr	75 000
Hordaland fylkeskommune	kr	75 000
BKK	kr	88 575
Sum	kr	577 150

4. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med planane. Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune. Vi rår dykk til å nytte same leverandør av leskur og felles profilering som på andre hurtiglادestasjonar i Hordaland. Leverandøren av desse er Norfax.

Rapportering og utbetaling

Tilsegnsmottakar skal så snart prosjektet er avslutta og innan 6 månadar sende inn signert sluttrekneskap (vedlegg). Dette gjev grunnlag for utbetaling, viss ikkje noko anna er avtalt.

Revisor skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn frå og med kr. 100 000.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

5. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Einar Aalen Hunsager, e-post enar.aalen.hunsager@hfk.no, telefon 55 23 93 22.

Fylkeskommunen ønskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen
Klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Ordførar Austrheim kommune
Ordførar Lindås kommune
Ove Andre Sognnes
Ardeo Technology AS v/Eric Wheatley
BKK v/Askeland Odd Olaf
Lindås kommune v/Rune Kilen
Lindås kommune
Austrheim kommune

Vedlegg

- 1 Budsjett Hurtiglادestasjon Mongstad
- 2 Akseptskjema Hurtiglادestasjon Mongstad
- 3 Sluttrekneskapsskjema Hurtiglادestasjon Mongstad
- 4 Vedtak om tilskot til hurtiglادestasjon for El-bilar ved Mongstadkrysset (Austrheim kommune)